

Saksbehandlar: Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar, Nærings- og kulturavdelinga

Sak nr.: 17/408-3

Regionale utviklingsmidlar 2017 - fordeling 2

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere følgende vedtak:

1. Det Kongelige Selskap for Norges Vel får avslag på søknad om støtte til Econmusee i Balestrand.
2. Filmselskapet Adelia får avslag på søknad om støtte til TV-serie om gründerar i Sogn og Fjordane.
3. NCE får tilskot på kr 70 000 til prosjektet "Heilskapleg reiselivsprodukt innan arkitektur og museum"
4. Maritim Foreining Sogn og Fjordane får tilskot på kr 225 000 til gjennomføring av søknadsprosess for Arena-prosjekt knytt til hydrogen.
5. Framtidsfylket AS får kr 300 000 til gjennomføring av innsiktsfasen i Omdømmeprojekt for Sogn og Fjordane
6. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskotet til NCE vert dekket med midlar i næring og kultur sitt budsjett for 2017, tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar, midlar sett av til NCE Tourism.
 - b. Tilskotet til Hydrogen Region Sogn og Fjordane vert dekket med midlar i næring og kultur sitt budsjett for 2017, tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar, midlar sett av til industri.
 - c. Tilskotet til Framtidsfylket vert dekket med disponible restmidlar frå tidlegare år.
7. Fylkesdirektøren set nærare vilkår i eigne tilskotsbrev.

Vedlegg:

Søknad Det Kongelige Selskap for Norges Vel – Ciderhuset til Econmusee

Søknad Adalia - Mitt yrke. Attraktive og inkluderende samfunn.

Søknad Maritim Foreining - Midlar til utforming av Arena-søknad

Søknad NCE - Heilskapleg reiselivsprodukt innan arkitektur og museum

Søknad Framtidsfylket AS - Omdømmeprojekt

SAKSFRAMSTILLING

1. Søknad om støtte til etablering av Ciderhuset til Economusee

(Sakshandsamar: Lisbeth Bringeboen)

1.1 Bakgrunn for saka

Norges Vel søker om kr 250 000 til etablering av Ciderhuset til Economusee.

Eit såkalla Economusee er ei levande handverkarbedrift, og ikkje eit museum i tradisjonell tyding. Besøkjande får ta del i ei autentisk oppleving av handverkarar i arbeid, og kan også kjøpe varene som vert produsert.

Historikk - tidlegare vedtak

Norges vel har tidlegare vore i kontakt med fylkeskommunen om støtte til å etablere Ciderhuset til Economusee. Det vart i HNK-sak 69/2016 gjort ein grundig jobb med å vurdere søknaden ved å hente inn tilstrekkeleg informasjon frå søkjar om prosjektet, samt også telefonmøte med rådgjevar i Innovasjon Noreg, representant frå Hordaland fylkeskommune for å få informasjon om korleis dei vurderer søknader om transformasjon frå ulike bedrifter til Economusee. Søknaden frå Norges Vel om etablering av Ciderhuset til Economusee vart avslagen grunngitt med at søknaden vart vurdert som ein søknad som omhandla bedriftsutvikling, og er såleis ei sak for Innovasjon Noreg. Norges Vel klaga på vedtaket, og klagen vart lagt fram for hovudutvalet på ny. Då hovudutvalet heldt på sitt opprinnelege vedtak gjekk saka vidare til fylkesutvalet som klageorgan. Fylkesutvalet tok ikkje klagen til følgje.

- HNK-sak 69/2016 Regionale utviklingsmidlar 2016 – fordeling 2 (Opprinneleg søknad, med velegg: (romplan, timeplan og powerpoint presentasjon)
- HNK-sak 84/16 Handsaming av klage
- Fylkesutvalet som klagenemnd sak 13/2016

1.2 Nærare omtale

Det er 13 Economusee i Noreg. Av dei 13 Economuseea i Noreg er ni i Hordaland, to i Rogaland og to i Sogn og Fjordane. I Canada, Irland, Nord-Irland, Færøyane, Island, Grønland, Sverige og Noreg er det til saman 50 etablerte Economusee sidan år 2008.

Hordaland har vore i førarsetet med å utvikle og etablere konseptet til Norske og Europeiske forhold sidan dei vart kjend med konseptet i Canada i år 2008. Économusée-prosjektet er i dag så stort at det har vakse ut av hendene til Hordaland fylkeskommune, og Norges Vel har overteke leiaransvaret. I tillegg til store summar frå EU har Hordaland nytta eigne midlar utviklinga av konseptet.

Norges Vel har eit nasjonalt fokus og ønskjer å utvikle nye bærekraftige Economusee verksemder i kystfylka frå Rogaland til Nordland. Dei bedriftene som blir med, vil få ein ekstra arena for omsetnad av sine produkt direkte til kjøpar, og eit økt økonomisk grunnlag for vidareføring av handverkskunnskapen. Eit Economusee får erfaringsmessig auka besøk og auka verdiskaping med fleire nye arbeidsplassar. Den nasjonale satsinga på reiselivet i Fjord-Norge, NCE-Norwegian Centre of Expertise har mellom anna godkjent Economusea som eit opplevingsnettverk og kulturformidlingstiltak for reiselivet på Vestlandet. Etableringa av ei Economusee verksemd har utgangspunkt i utveljinga av relevante bedrifter som tilfredsstillar dei internasjonale kriteria og som har eigne motiv for å kunne bli omforma til eit attraktivt opplevingscenter.

Til bedriftene leverer prosjektet faglege råd og ein heilskapleg 6-trinns utstillingsmodell for besøkande, frå resepsjon, verkstad, formidlingsdel, innovasjon og nyskappingsrom, til dokumentasjon/bibliotek og butikk. Prosjektet blir gjennomført i tråd med dei ordinære krava til statsstøtte, innkjøp og EU sine krav til prosjekt og revisjonar. Eventuelle bygningsmessige krav og andre investeringar er bedrifta sitt eige ansvar.

Opprinneleg søknad syner til at totalbudsjettet for satsinga er på EUR 1 675 150. Noreg sine totale kostnader er på 394 348 EUR, og Interreg bidreg med inntil 197 174 EUR. Alle partnerar må skaffe nasjonale og regionale midlar i tillegg til finansiering frå EU. Søkjar syner til at det vert søkt om kr 250 000 frå alle fylkeskommunar for kvart Economusee som dei får etablert i sitt geografiske område, og vertskommunane vert søkt om tilskot på kr 100 000.

I klagesaka poengterte søkjar at Rogaland og Hordaland har akseptert denne finansieringsnøkkelen, og syner til at Møre og Romsdal fylkeskommune har lagt Economusee utviklinga inn i både sitt regionale plan og budsjettgrunnlag for ei 3-årsperiode, med utvikling av eit Economusee per år i fylket. Hordaland og Rogaland har handsama tilskot til Economusee ved kvart einskild høve og Hordaland har p.t. finansiert sine 2 nye Economusee med tilskot frå Regionalt Utviklingsprogram.

1.3 Vurdering

Det er få skilnader mellom denne søknaden samanlikna med HNK-sak 69/2016. Det som skil dei to søknadene er i hovudsak at søknadssum er redusert frå kr 350 000 til kr 250 000, og totalbudsjettet er redusert frå kr 1 200 000 til kr 1 000 000. Det er og lagt inn i ny søknad at Balestrand kommune skal bidra med kr 100 000. I førre søknad var ikkje kommunen sett opp som bidragsytar.

Årsaka til at Norges Vel ved Terje Inderhaug og Asbjørn Stavland på ny sender inn søknad er at dei føler den førre søknad vart misforstått og dei seier at dei har fått signal frå hovudutvalsleiar for næring og kultur om at det er høve til å sende søknad på nytt. Stavland og Indrehaug i Norges Vel oppgir også at dei er i møte med departementet for å finne ei finansieringsordning og på sikt forhåpentlegvis få satsinga inn i statsbudsjettet.

Eit nytt moment i saka i høve førre søknad er at Ciderhuset vart utnemnd som Economusee 19. mai 2017 i ein seremoni med mellom fleire landbruks- og matminister Jon Georg Dale og EU-ambassadør Helen Campbell (<http://www.porten.no/artikler/nyhende/ciderhuset-balestrand-utnemnt-til-economusee>), samt også Næringsssjef Mette Nora Sætre i Hordaland fylkeskommune (<http://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2017/opna-visingscenter-for-ciderproduksjon/>). I tillegg er Ciderhuset no etablert som Economusee, og såleis vil ikkje eit eventuelt tilskot ha utløysande effekt, som er eit gjeldane prinsipp og viktig kriterium ved all forvaltning av regionale utviklingsmidlar.

Konklusjon er dermed at det er lite nytt i søknaden, og at vurderingar gjort i samband med HNK-sak 69/2016 framleis er gjeldande.

1.4 Tilråding

Norges Vel får avslag på søknaden om kr 250 000 i støtte til etablering av Ciderhuset til Economusee.

2 Søknad om kr 250 000 i støtte til å produsere mitt yrke-serie om attraktive og inkluderande samfunn

(Sakshandsamar: Lisbeth Bringebøen)

2.1 Bakgrunn for saka

Filmselskapet Adelia søkjer om kr 250 000 i støtte til å produsere mitt yrke-serie om attraktive og inkluderande samfunn.

2.2 Nærare omtale

Adelia har utvikla eit konsept som heiter "Mitt Yrke", og pr juni 2017 så ligg det 40 episodar på NRK nett-tv i serien. Kvar episode er på 4 minutt og er tidlegare synt på NRK2. Målgruppa for serien er ungdom og unge vaksne. Den nye boka som no vert søkt om skal setje fokus på område i landet som har myke positivt å vise til og er attraktive i forhold til jobbmogelegheiter innan ulike næringar og som byr på det gode liv.

Adelia AS søkte også om "Mitt Yrke, gründerar i Sogn og Fjordane" i 2015, som var til handsaming i HNK-sak 7/2015. Søknaden fekk avslag med grunngiving at fylkeskommunen har andre satsingar for å løfte fram gründerar som eksempelvis at teamet er vidareført under plantema Nyskaping i verdiskapingsplanen, samt satsinga på Ungt Entreprenørskap og årleg utdeling av gründerprisen.

2.3 Vurdering

Søknaden har eit totalbudsjett på 508 000, og søkjar stiller med eigeninnsats for å dekke restfinansiering. Det er ikkje lagt inn inntekter frå bidragsytarar eller NRK.

I høve rekruttering og det gode liv i kombinasjon med interessant arbeid, har fylkeskommunen eit godt verktøy og satsing på Framtidsfylket gjennom bruk av nettportal, karrieremesser og CV-database. Det er viktig å spisse innsatsen der det syner seg å verke.

Dette konseptet vert dermed på sida av allereie eksisterande satsing, og såleis er det usikkert om vi får ei forsterka effekt ved å også nytte midlar til dette konseptet.

2.4 Tilråding

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutvalet for næring og kultur å gje Adalia AS avslag på søknad om tilskot til å lage TV-serie om gründerar i Sogn og Fjordane.

3 Søknad om støtte til NCE knytt til arkitektur og museum – integrasjon i det heilskaplege reiselivsproduktet

(Sakshandsamar: Lisbeth Bringeboen)

3.1 Bakgrunn for saka

NCE søker om kr 70 000 til produktutvikling knytt til arkitektur og museum.

Historikk -tidlegare vedtak

NCE Tourism Fjord Norway fekk i januar 2017 tilsegn på kr 150 000 i støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2017- Løyvinga vart dekkja med avsette midlar i budsjett 2017, sett av til NCE Tourism. Det heiter i tilsegnsbrevet at "I budsjettet for 2017 er det samla sett av inntil 350 000 kr til NCE Tourism , og det kan følgeleg vere høve til å søkje om meir midlar til konkrete prosjekt".

3.2 Nærare omtale

NCE er Fjord Noreg sin produktutviklarorganisasjon. Gjennom satsing på temabaserte opplevingar skal NCE Tourism bidra til at reiselivet på Vestlandet vert verdslieande på opplevingsturisme.

NCE Tourism jobbar med seks temaområde med omsyn til produktutvikling for å bidra til auka lønnsemd, profesjonalisere, og ei berekraftig utvikling. Eitt av disse temaområda er arkitektur. Dei fem andre temagruppene er fiske, kajakk, vandring, sykkel og ski. I dette arbeidet nyttar dei tre gjennomgåande tema for å skape heilskaplege opplevingar knytt til dei seks klyngetema. Dei er:

- Fjordkultur (Kulturarv, Matkultur)
- Infrastruktur (Overnatting, Transport, Servering, Formidling)
- Kompetanse (Pakketering, Kvalitet, Konseptutvikling, FoU, Bærekraft).

NCE definerer arkitektur som stavkyrkjer, bygningar, bruer, tunellar, kulturminne, monument, design, historiske stader og installasjonar. Spesifikt så arbeider NCE mellom anna med Nasjonale Turistvegar for å utvikle aktivitets- og opplevingsprodukt knytt til Gaularfjellsvegen og det nye utsiktspunktet. Samtidig poengterer NCE at Museum i regionen Fjord Noreg er ein viktig del av det heilskaplege reiselivsproduktet.

NCE argumenterer for at kulturelementa er på mange måtar ein naturforsterkar som bygger opp om det naturbaserte aktivitets- og opplevingstilbodet. Arkitektur må sjåast som eit utvida arkitekturomgrep både i byane og i distrikta, og musea bør vere ein del av omgrepet. Sjølv om Noreg ikkje har sterke, internasjonale namn knytt til historisk arkitektur, så har Noreg stilar,

epokar og arkitektur i eit vidt spekter. Det bør byggast opplevingsprodukt kring dette, og arbeidast systematisk og strategisk med.

Eit overordna mål for prosjektet er å utvikle nye produktpakker innanfor tema kultur med fokus på museumstilbodet og regionens arkitektoniske høgdepunkt og særpreg. Dette skal gjerast gjennom samordning av tiltak, framheve tilbod, skapa ei oversikt over kva som eksisterer, avklare interessa hjå aktørane, og skaffe naudsynt marknadskunnskap for å utvikle konkrete produkttilbod og teste dei ut i den norske marknaden.

Budsjett

Budsjettpost	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Kompetanseutvikling	75 000					75 000
Markedsdata	75 000					75 000
Møter og reiser	100 000					100 000
Produkt- og konseptutvikling	75 000					75 000
Prosjektadministrasjon og ledelse	75 000					75 000
Test- og visningsturer	100 000					100 000
SUM kostnader	500 000					500 000

Finansieringspost	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017	70 000					70 000
Egeninnsats bedrifter	100 000					100 000
Andre fylkeskommuner	130 000					130 000
Egeninnsats NCE Tourism	100 000					100 000
Kontantbeløp NCE Tourism	50 000					50 000
Kontantbeløp næringen	50 000					50 000
SUM finansiering	500 000					500 000

3.3 Vurdering

Effekt av dette prosjektet skal vere auka lønnsemd gjennom meirsal , betre prisar og auka volum i lågsesongen for deltakande bedrifter, noko som er viktig å arbeide for.

NCE har over fleire år synt til gode resultat i arbeidet sitt, og det er viktig å støtte opp under dei prosjekt og satsingar som NCE identifiserer som både viktige og som har eit eit godt utviklingspotensial.

Budsjettet til prosjektet syner at NCE gjer ein god jobb med å forankre satsinga både i eigen organisasjon, men også hjå fylkeskommunane og i næringa.

3.4 Tilråding

NCE får tilskot på kr 70 000 til prosjektet "Heilskapleg reiselivsprodukt innan arkitektur og museum".

4 Søknad om støtte til søknadsprosess for Arena-prosjekt knytt til hydrogen.

(Sakshandsamar: Elisabet Bø)

4.1 Bakgrunn:

Maritim Forening Sogn og Fjordane er ei interesseforeining for verksemder med havbasert aktivitet i Sogn og Fjordane. Dei har 63 medlemsverksemder over heilt fylket, og arbeider for nyskaping og vekst i næringslivet gjennom å dele kunnskap om behov, mulegheiter og løysingar på tvers av bedrifter og bransjar. Dette gjer dei mellom anna ved å skape samlingsplassar for leverandørindustrien, synleggjere kompetansen i fylket, kople saman næringsliv, FoU- og utdanningsinstitusjonar samt å hentar inn og distribuere marknadsinformasjon.

Basert på interesse frå medlemsbedriftene har Maritim Forening Sogn og Fjordane sett av mykje tid og ressursar på å hente inn og dele kunnskap om maritim hydrogenteknologi mellom bedrifter i fylket. Foreininga er representert i styringsgruppa til prosjektet Hydrogen Region Sogn og Fjordane, der fylkeskommunen er prosjekteigar. Vidare har Maritim Forening Sogn og Fjordane prosjektleinga i utviklingsprosjektet GKP7H2, som har som mål å utvikle og teste ein hydrogendriven passasjerbåt. Brødrene Aa, Mancraft, Florø Skyssbåt og Flora kommune er partnerar. Prosjektet har motteke støtte frå fylkessatsinga si ordning, der fylkeskommunen delar ut midlar som er gjeve i gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Med bakgrunn i si hydrogensatsing innanfor maritim sektor er foreininga invitert inn i ulike ekspertgrupper, mellom anna International Energy Agency Task 39 Maritime Hydrogen Technology og den norske speilkomiteen for standardiseringsarbeid innanfor hydrogen SN/K 184. Dei deltek òg med ressurspersonar inn i ulike FoU-prosjekt knytt til fornybar energi, produksjon av hydrogen og marknadsutvikling.

Innovasjon Noreg sentralt har fatta interesse for hydrogensatsinga i fylket, og Maritim Forening vart difor oppmoda til å sende inn ei skisse for prekvalifisering av ei eventuell klyngesatsing på hydrogen i Sogn og Fjordane. I første omgang vert dette ein Arena-søknad som skal gjere greie for fylket sine føremoner når det gjeld hydrogen; ein sterk energisektor i eit kraftproduserande fylke, der vi har leiande næringsaktørar innanfor potensielle bruksområde og verdikjedar for hydrogen, særleg i maritime næringar, men òg innanfor industri, havbruk og fiske.

Arena er eit av tre nivå i programmet Norwegian Innovation Clusters, som er eigd i samarbeid mellom Innovasjon Norge, Siva og Forskingsrådet. Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet finansierer Norwegian Innovation Clusters-programmet med omlag 165 millionar kroner i 2016. Arena tilbyr finansiell og fagleg støtte til langsiktig utvikling av regionale næringsmiljø. Føremålet er å stimulere til auka innovasjon og styrka konkurransevne basert på samarbeid mellom bedrifter, FoU- og utdanningsmiljø og offentlege utviklingsaktørar. Av dei 19 klyngene som no får støtte frå programmet er der ingen frå Sogn og Fjordane.

Å arbeide fram ein fullgod Arena-søknad på vegne av ulike næringar i fylket innan 1.september 2017 vil krevje tid og ressursar i ein intensiv periode. Maritim Forening Sogn og Fjordane vil difor søkje Sogn og Fjordane fylkeskommune om midlar til å gjennomføre søknadsprosessen.

4.2 Nærare omtale

Med bakgrunn i det som er gjort greie for ovanfor søker Maritim Foreining Sogn og Fjordane fylkeskommunen om 225 000 NOK i støtte til å gjennomføre ein søknadsprosess for Arena-prosjekt, på vegne av bedrifter og andre aktørar i hydrogenbaserte klynger/verdikjeder i fylket.

Aktivitetar og budsjett knytt til søknaden:

Aktivitet	Timar MFSF*	Timar bedrifter**	Timar totalt	Søknad (NOK)
HA1: Mobilisering og forankring <ul style="list-style-type: none"> - Møter hos bedrifter og andre aktørar - Mobiliseringskonferanse - Oppfølging og inngåing av avtalar 	50	100	150	75 000
HA2: Innhenting av kunnskap <ul style="list-style-type: none"> - Kartlegging av kompetanse i fylket - Erfaringar frå klynger i inn- og utland - Muleg teknologiutvikling hydrogen - Muleg marknadsutvikling hydrogen 	50	50	100	50 000
HA3: Utforming av søknad <ul style="list-style-type: none"> - Skrivearbeid - Forankring 	100	100	200	100 000
Totalt	200	250	450	225 000

* Det vert søkt midlar til å dekke kostnader for Maritim Foreining Sogn og Fjordane, og innleigd konsulenthjelp i søknadsprosessen.

** Søknaden legg til grunn at næringsaktørane i klynga legg ned ein del eigeninnsats, i form av møter, reiser og deltaking på fellessamling.

4.3 Vurdering:

Fylkeskommunen er prosjekteigar av Hydrogen Region Sogn og Fjordane, der søkar er representert i styringsgruppa. Den 12.juni 2017 fekk styringsgruppa ei orientering frå Maritim Foreining Sogn og Fjordane om deira planar for eit Arena-prosjekt, og styringsgruppa vedtok å stille seg bak framlegget til foreininga om ein eigen søknad til Hovudutvalet for Næring og Kultur. Det vart mellom anna referert til det overordna målet for Hydrogen Region Sogn og Fjordane, som er å etablere fylket som ein leiande region innanfor utvikling av hydrogen som energiberar og kommersialisering av hydrogenteknologi, som ein av fleire mulege måtar å styrke næringslivet si konkurransekraft i overgangen til eit nullutsleppsamfunn og auke lokal verdiskaping knytt til våre naturressursar. Vidare vert fylkesprosjektet målt på effektane i næringsliv og samfunn, mellom anna potensiale for næringsutvikling, her under høve til kommersiell utnytting av hydrogen, og vekst i talet på og styrking av eksisterande arbeidsplassar.

Både prosjektleiar og styringsgruppa i Hydrogen Region Sogn og Fjordane vurderer initiativet til Maritim Foreining Sogn og Fjordane å vere i tråd med føremålet i fylkesprosjektet, og søkar har vist vilje og gjennomføringsevne i arbeidet med hydrogen i fylket.

4.4 Tilråding:

Fylkesdirektør for næring og kultur rår til at Hovudutvalet for Næring og Kultur til at Maritim Forening Sogn og Fjordane får tilskot på kr 225 000 til gjennomføring av søknadsprosess for Arena-prosjekt knytt til hydrogen.

5. Søknad frå Framtidsfylket AS om tilskot til eit treårig omdømmeprojekt for Sogn og Fjordane.

(Sakshandsamar: Adrian Husabø Bjørset)

5.1. Bakgrunn

Framtidsfylket AS søker om tilskot på kr. 700 000 til å gjennomføre eit treårig omdømmeprojekt for å skape eit betre omdømme og tydelegare merkevare for Sogn og Fjordane.

5.2. Historikk:

- 2017: Tildelt tilskot på kr. 100 000 søknad «Eit grønt digitalt magasin»
- 2016: Tildelt tilskot på kr. 150 000 for produksjon av fyrste utgåve av magasinet #Utanfilter.
- 2015: Tildelt tilskot på kr. 150 000 søknad «Digitale forteljinger i Framtidsfylket»
- 2015: Tildelt tilskot på kr. 525 000 søknad «Bu i Sogn og Fjordane»
- 2014: Tildelt tilskot på kr. 150 000 til fornying av portal.
- 2012: Tildelt tilskot på kr. 215 000 til søknad «Profileringsmesse i Oslo og Bergen 2013»
- 2010 – til dags dato: Tildelt årlege tilskot til Framtidsfylket Karrieremesser i storleiksorden kr. 100 000 til kr. 300 000.

5.3. Nærare omtale

Framtidsfylket har gjennom fleire år arbeidd med å marknadsføre Sogn og Fjordane mot arbeidstakarar og bedrifter. Dette arbeidet skjer gjennom kanalar som framtidsfylket.no, Framtidsfylket Trainee, Framtidsfylket Karrieremesser, og seinast magasinet #utanfilter.

Framtidsfylket AS søker no om midlar til å gjennomføre eit omdømmeprojekt for Sogn og Fjordane. Omdømmeprojektet har som målsetjing å endre dagens omdømme, som dei meiner er prega av utdaterte stereotypiar og mytar, til noko som er meir representativt for korleis Sogn og Fjordane er i dag. Dei meiner at dagens omdømme gjer det vanskeleg å trekkje til seg kvalifisert arbeidskraft og nyskapande bedrifter. Dei vil også jobbe for å endre mange av dei assosiasjonane som folk får når dei tenkjer på Sogn og Fjordane i dag.

Som målgruppe for omdømmeprojektet har Framtidsfylket sett seg ut fire grupper:

1. Potensielle tilflyttarar til Sogn og Fjordane
2. Potensielle bedriftsetablerarar i Sogn og Fjordane
3. Næringslivet og innbyggjarane i Sogn og Fjordane
4. Kapital- og investormiljø

Omdømmeprojektet har som visjon at Sogn og Fjordane skal bli kjend for gründerskap, karriere, teknologi og digitalisering.

Omdømmeprojektet er planlagt gjennomført over tre år, frå og med 2017. Projektet er oppdelt i to fasar, ein innsiktsfase og ein hovudfase.

1. Innsiktsfasen handlar om å kartlegge no-situasjonen og å forankre prosessen hos det private næringslivet og det offentlege. Ein vil her kartlegge kva assosiasjonar som er knytt til Sogn og Fjordane i dag ved hjelp av fokusgrupper, djupneintervju og kvantitative spørjeundersøkingar.
2. I hovuddelen vil ein nytte den kunnskapen ein har opparbeidd seg i innsiktsfasen. Retninga og metodebruken vil avhenge av kva funn ein gjer i innsiktsfasen. Det er planlagt å leige inn ekstern hjelp for å forme innhaldet i prosjekttiltaka.

Målet for projektet er å betre omdømme til fylket slik at Sogn og Fjordane blir eit naturleg val for både enkeltpersoner, bedrifter og politikarar.

5.4. Budsjett og finansiering

Kostnadsplan

Budsjettpost	2017	2018	2019	SUM
administrering Framtidsfylket	200 000	200 000	100 000	500 000
fase 1 kommunikasjonsbyrå - innsiktsfase	175 000			175 000
fase 2 kommunikasjonsbyrå - posisjoneringskonsept	250 000			250 000
fase 3 kommunikasjonsplattform og aktivitetar		500 000		500 000
uføresett	33 000	33 000	34 000	100 000
workshops og andre arrangement	50 000	50 000		100 000
SUM kostnader	708 000	783 000	134 000	1 625 000

Finansieringsplan

Finansieringspost	2017	2018	2019	SUM
Sogn og Fjordane fylkeskommune	500 000	200 000		700 000
Sponsormidlar frå næringslivet	60 000	340 000		400 000
Framtidsfylket	48 000	43 000	34 000	125 000
Sparebanken Vest	100 000	100 000		200 000
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane		100 000	100 000	200 000
SUM finansiering	708 000	783 000	134 000	1 625 000

5.5. Vurdering

Framtidsfylket har ei brei portefølje av tiltak som alle siktar mot å gjere fylket meir attraktivt for arbeidstakarar og bedrifter. Kartlegging av omdømme og utarbeiding av nytt konsept for omdømmebygging i Sogn og Fjordane passar såleis godt innfor deira kompetanseområde. Å betre omdømmet til fylke er eit viktig arbeid som vil kunne bidra positivt til å nå verdiskapingsplanen sine mål om å få til fleire arbeidsplassar i fylket. Eit slikt arbeid vil kunne vere med på å gjere Sogn og Fjordane meir synleg for både bedrifter og arbeidstakarar.

Projektet som skissert i søknaden er stort, og kor vellukka det blir, er i stor grad avhengig av resultatata frå innsiktsfasen. Og denne fasen vil gje grunnlag for ei god utforming av sjølve

hovudfasen/hovudprosjektet. Motivasjonen for prosjektet og opplegget for innsiktsfasen er godt formulert i søknaden. Opplegget for hovudfasen er derimot noko meir uklart. Fylkesdirektøren stiller seg positiv til prosjektet, og ser føre seg at fylkeskommunane kan bidra også i hovudfasen, men ser at ei oppdeling av prosjektstøtta i forprosjekt og hovudprosjekt vil være formålstenleg. Då vil ein få tid til å formulere eit godt og fullstendig hovudprosjekt basert på den kunnskapen ein har tileigna seg i innsiktsfasen. Vi tilrår difor å løyve midlar til gjennomføring av innsiktsfasen.

5.6. Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å at Framtidsfylket AS får kr 300 000 til gjennomføring av innsiktsfasen i Omdømmeprojekt for Sogn og Fjordane.